



Preg barnehager

Sammen om å sette verdifulle spor

Årsplan 25/26

Godøy



Barnehageåret 2025/2026

Preg barnehager Godøy Velkommen til oss!

DAGSRYTME:

07:00	Barnehagen opnar Frileik - rolege aktivitetar
07:45- 08:15	Flexifrukost – barna må ha med matpakke
09:15	Vi starter dagen med samling
09:30	Gruppedeling, inne-/uteleik
10:30	Lunsj med dei yngste Bleieskift, sovetid (for dei som skal sove)
11:00	Lunsj med dei eldste Bleieskift, sovetid (for dei som skal sove) Gruppedeling, inne/ute
14:00	Ettermiddagsmåltid m/frukt
14:30	Bleieskift, inne-/uteleik
16:30	Barnehagen stengjer

Om barnehagen

HISTORIKK

Preg barnehager vart starta i kjellaren til Godøy bedehusapell i 1979 (den heitte då Tryggheim Barnehage). Seinare fekk barnehagen ei tomt av Giske kommune. I 1989 byrja arbeidet med å bygge eit eige lokale til barnehagen på denne tomten. Barnehagen blei bygd som ein-avdelings barnehage, med utvida avdeling, og i august 1990 stod barnehagen ferdig. Sommaren 2007 vart det satt i gang arbeid med å bygge på to avdelingar + personalavdeling. Barnehageåret 2007/2008 leigde barnehagen eit midlertidig lokale til småbarnsavdeling. Frå starten av barnehageåret 2008/2009 er Preg barnehager Godøy blitt driven som ein tre-avdelings barnehage med utvida avdelingar. To avdelingar i nybygget + ei avdeling i det nyoppussa gamlebygget. 01.01.24 vart namnet endra frå NLM-barnehage Tryggheim Godøy AS til Preg barnehager Godøy AS.

MILJØET RUNDT BARNEHAGEN

Preg barnehager ligg sentralt til på Godøya, i eit bustadfelt. Godøy bukolektiv er næraste nabo. Godøy skule og øya sin daglegvarebutikk er i nærområdet til barnehagen. Barnehagen tilbyr kun 100% plass, og er godkjent for barn i alderen 0-6 år. Namna til dei tre avdelingane er henta frå kjente plassar på Godøya.

Opningstid
7:00 – 16:30

Kjernetid
09:15-14:00

KONTAKTINFORMASJON

Adresse: Sandmyrvegen 2, 6055 Godøya

Mail: godoy@pregbarnehager.no // Tlf: 489 51 404

Nett: preggodoy.barnehage.no

Presentasjon av avdelingane

Storhornet / Lesten (1-3 år)

Barnehageåret 25/26 blir det to småbarnsavdelinger; Lesten og Storhornet, for barn i alderen 1-3 år. Her blir det ved oppstart 12 barn per avdeling. Det blir aldersdeling både innad og på tvers av avdelingane, spesielt for dei eldste barna.

I oppstarten blir det viktigaste for dei yngste barna å få ro til å skape gode relasjonar dei imellom og med dei vaksne. For desse barna er det viktig, spesielt om hausten å dekke grunnleggjande behov som mat, søvn, kvile, omsorg og tryggleik. For dei eldste vil vi gå litt meir turar, ha samlinger, formingsaktiviteter, konstruksjonsleik og nytte meir det store uteområdet i utetida.

Gjennom året jobbar vi med begrepsundervisning (BU), med fokus på fargar og preposisjonar. I tillegg brukar vi verktøyet «Solkollen Super» til bibelsamlingar og hjertevennsamlingar (kjensler og sosial kompetanse). Vi jobbar med språk gjennom musikk, rim og regler, eventyr og lesing av bøker.



Sandvika (4-6 år)

Barnehageåret 25/26 blir det ei storbarnsavdeling; Sandvika, for barn i alderen 4-6 år. Her blir det ved oppstart 32 barn. Det blir gruppedeling det meste av dagen der vi også nyttar felleskjøkkenet til grupper. For det meste vil det vere to grupper inne og to grupper ute. Vi vil også ha dagar med aldersdelte grupper.

Kvar dag har vi morgensamling. Barna blir delt i 4 aldersblanda grupper med 6-9 barn per gruppe, nokre dagar blir vi aldersdelte grupper. Vi har aktivitetar både inne og ute heile dagen slik at alt areal blir nytta til det beste. Nokre dagar kan vi gå litt lengre turar og vere vekke større delar av dagen.

Gjennom året jobbar vi med begrepsundervisning (BU), med fokus på grunnleggjande begrep. I tillegg brukar vi verktøyet «Livet og sånn» + «Solkollen Super» til bibelsamlingar, aktivitetar og hjertevennsamlingar (kjensler og sosial kompetanse). I tillegg les vi bøker, fortel eventyr, og forhåpentligvis gjennomføre nokre større prosjekt om ting som barna interesserer seg for.



Våre ansatte barnehageåret 2025/2026



Helene G. Stenerud
Ped.leiar
Avd. Storhornet



Eli Mari Ness
Ped.leiar (på disp.)
Avd. Storhornet



Mona T. Alnes
Fagarbeidar
Avd. Storhornet



Aashild Leithe Hetland
Ped.leiar
Avd. Lesten



Marita Aarseth
Fagarbeidar
Avd. Lesten



Agne Norvilaite
Assistent
Avd. Lesten



Elisabeth Dyb-Sandnes
Fagarbeidar
Avd. Lesten



Kari Hilde S. Austnes
Ped.leiar
Avd. Sandvika



Ida Kristin Vartdal
Ped.leiar
Avd. Sandvika



Beate Godø
Fagarbeidar
Avd. Sandvika



Kari Aa. Godø
Assistent
Avd. Sandvika



Kathrin Støbakk
Assistent
Avd. Sandvika



Dagny Antonsen
Fagarbeidar
Avd. Sandvika



Elina Antonsen
Assistent
Avd. Storhornet,
Sandvika



Randi O. Juva
Tilkallingsvikar



Rudite Maderniece
AAP



Randi Elin Furnes
Dagleg leiar

Presentasjon av Preg barnehager

Preg barnehager AS er ei ideell barnehagekjede som blir drive på vegne av Norsk Luthersk Misjonssamband. Barnehagane har ulik storleik og er spreitt rundt i store delar av Noreg.

Preg barnehager AS er eit ikkje-kommersielt selskap. Eventuelle overskot skal nyttast til å utbedre og styrke medlemsbarnehagane.

Lov om barnehager med forskrifter og Rammeplan for barnehagen sitt innhald og oppgåver bestemmer innhald og rammer for barnehagane våre. I samsvar med barnehageloven § 1a andre ledd, blir barnehagane drivne med eit kristent formål. Visjonsdokumentet vårt og verdiplattformen fortel korleis det kristne formålet skal prege livet i barnehagane våre. Desse dokumenta finn du på vår nettside.

Preg barnehager sin visjon er:

“Sammen om å sette verdifulle spor”

Verdiane våre er:

Nestekjærleik - Likeverd - Mestring

Verdiane våre er laga med utgangspunkt i Visjonsdokumentet, som er eit felles dokument for alle Preg barnehager.

Rammene for å drive barnehage

GRUNNLAGSDOKUMENTER

Barnehagen sitt formål og innhald er fastsett gjennom Barnehageloven og Rammeplanen. Desse dokumenta er utgangspunkt for barnehagen sin daglege drift og årsplanen byggjer på desse. Alle barnehagar skal byggje på verdigrunnlaget som er fastsett i Barnehageloven og FNs konvensjon om barnet sine rettar.

Årsplanen inneheld ein oversikt over korleis barnehagane våre skal jobbe det komande året. Den er eit arbeidsdokument for personalet, og skal vise korleis vi arbeider med omsorg, lek, danning og læring. Årsplanen skal også tydeleggjere progresjon og synleggjere korleis vi vurderer det pedagogiske arbeidet vårt. Tema i periodane gjennom året blir det jobba ulikt med i barnehagane og i barnegruppene, avhengig av alderen til barna og deira modning. Barna vil få nye utfordringar i dei ulike periodane som vil gi utvikling av kunnskap og ferdigheitar. Årsplanen dannar også utgangspunkt for pedagogiske planar og evaluering av periodane. Vurdering av det pedagogiske arbeid skjer blant anna gjennom bruk av evalueringar i personalgruppa, samtalar med barna, pedagogisk dokumentasjon, diskusjonar av praksis i ulike møter og evalueringar i Samarbeidsutvalet (SU).

Kvalitetsutvikling

PREG BARNEHAGER SINE FOKUSOMRÅDE

Preg barnehager har utvikla ein handlingsplan for kompetanseutvikling, leining og organisering. Du kan lese meir om fokusområda våre her www.pregbarnehager.no

KOMPETANSEUTVIKLING FOR PREG BARNEHAGER AS

Eit profesjonelt fagfellesskap og gode kompetansetiltak bidrar til betre rekruttering av barnehagelærarar, barne- og ungdomsarbeidarar og andre fagfolk. For å rekruttere nye pedagogar og fagarbeidarar til barnehagane våre, ønsker vi å samarbeide med utdanningsinstitusjonane, ved å ta imot læringar frå vidaregåande skular og studentar til praksis frå høgskulane. Daglege leiarar og andre tilsette i barnehagane blir oppfordra til å oppdatere og vidareutvikle kompetansen sin – både individuelt og kollektivt. Statlig tilskot gjennom kompetanseordningar og tiltak, er eit bidrag for å støtte opp om ansvaret vårt som barnehageeigarar.

Medarbeidarar som får nye utfordringar, som har dugande og engasjerte kollegaer og som får utvikla seg fagleg, blir gjerne verande i stillingane sine over år. Dette styrkjer kvaliteten i Preg barnehager.

BARNEHAGEN SOM EIN LÆRANDE ORGANISASJON

Barnehagen skal vere oppdatert og utviklingsorientert i tråd med forskning og kunnskap om barn, barndom, lek, læring og samfunn. Barnehagen er og skal vere i endring og utvikling. Det krev stadig ny kunnskap og kompetanse for å møte nye krav. For at barnehagen skal lykkast i å vere ein lærande organisasjon, må leinga i barnehagen vere kunnskapsorientert og sikre at alle medarbeidarar føler eigarskap til det pedagogiske utviklingsarbeidet.

Kvalitetsutvikling

SYSTEM FOR SAMSPELKVALITET

I barnehagen skal alle barna oppleve å bli sett, forstått, respektert og få den hjelpa og støtte dei har behov for. Barnehagen skal aktivt leggje til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom barna og personalet og mellom barna, som grunnlag for trivsel, glede og meistring. Personalet skal arbeide for eit miljø som ikkje berre gjer barna til mottakarar av omsorg, men som også verdset barna sine egne omsorgshandlingar. Rammeplanen kap. 3

Preg barnehagene skal kjenneteiknast av eit leike og læringsmiljø som opplevast som trygt, godt og utviklande. Vi har difor valgt å støtta oss til eit rammeverk for interaksjon utvikla av Pianta, Hamre og Paro. Grunntanken i rammeverket er at barn si utvikling og læring skjer i relasjon med andre barn og gode trygge vaksne. Dei har laga eit rammeverk for interaksjon (TTI rammeverket) som systematisk ser på korleis ein kan jobbe godt med relasjonar for å fremja utvikling og læring. (Class). Gjennom dette teoretiske perspektivet arbeider alle Preg barnehagar for å støtte dei tilsette i deira arbeid med å skape trygge gode miljø som set verdifulle spor vidare i livet.

Class er ei forkorting for Classroom Assessment Scoring System (CLASS; La Paro, K., Hamre, B.K., & Pianta R.C., 2012) Dette er eit observasjons- og refleksjonsverktøy som er utvikla for å måle samspelkvaliteten mellom tilsette og barn i barnehagen. Hovudfokuset er på vaksenrolla og på ansvaret til den vaksne for å støtte alle barns utvikling av tryggleik, læring og trivsel.

CLASS delast inn i 3 område: Emosjonell støtte, Organisering av avdeling og Støtte til læring og utvikling. I Preg barnehager innfører vi dette til refleksjon, og kompetanseheving trinnvis, i løpet av ein treårsperiode.

SATSINGSOMRÅDET FOR DEI TILSETTE I PREG BARNEHAGER GODØY ER:

Vi jobbar med denne problemstillinga: Korleis kan tilrettelegginga av det fysiske miljøet forebygge konflikter mellom barn? I arbeidet med denne problemstillinga vil vi blant anna lage sosiale historier og peikeplansjer og bruke verktøyet «Livet og sånn». I samband med dette vil vi også barnehageåret legge om organiseringa av avdelingane og ha to avdelingar frå 0-3 år og ein avdeling med 4-6 år.

SATSINGSOMRÅDE FOR BARNEGRUPPA

I samband med satsingsområde for personalet vil vi fortsetje med å ha fokus på BU-modellen, som vi har jobba med dei siste åra.

EIT ANNA SATSINGSOMRÅDE ER AKTIVITETSGLEDE

Gjennom Aktivitetsglede får barna mange ulike fysiske aktivitetar og øvingar, både grovmotoriske og finmotoriske. Det er gøy, lærerikt og byr på utfordringar, som igjen gir oss eit veldig godt verktøy for å hjelpe barna der dei treng det.

Barnehagen si pedagogiske plattform

MÅLA I VISJONSDOKUMENTET


“Sammen om å sette verdifulle spor” er visjonen vår. I visjonsdokumentet er disse måla felles for alle:

- I barnehagane våre skal alle få oppleve kjærleik utan vilkår
- I barnehagane våre skal alle vite at dei er skapt av Gud og kjenne at dei er unike og verdifulle
- Med Jesus som førebilete skal vi møte alle med respekt og toleranse

Desse måla skal vi alltid ha for auge i alt arbeid vi gjer i barnehagen.

I VÅR BARNEHAGE BETYR DET:

- Vi trur at verda er skapt av Gud, og at mennesket er skapt i Guds bilete
- Vi skal respektere og anerkjenne barnet slik det er og verdiane det har med seg frå heimen
Vi skal respektere andre livssyn/levesett/overbevisning
- Dei ansatte skal ha barnet sitt beste for auge
- Vi vil at barna skal kjenne seg verdifulle



SYNET VÅRT PÅ BARN

Det einskilde barnet er eit unikt, fullverdig menneske som skal møtast med respekt, omsorg og kjærleik. Dei skal få hjelp til å utvikle eit sunt sjølvbilete, og oppleve tryggleik og glede. Dei tilsette skal leite etter dei positive mogelegheitene i det einskilde barnet og elske fram desse. Vi vil vere vaksne som alltid har barnet sitt beste for auga. Dette skal ligge til grunn for alle handlingar og avgjersler som gjeld barnet.

I VÅR BARNEHAGE BETYR DET:

Vi skal bidra til at alle barn føler seg sett og anerkjent for den dei er. Dette kjem blant anna til syne ved at vi møter barnet med blikkontakt ved levering, brukar barnet sitt namn, og helsar barnet med positive ord konkret til kvart einskild barn. Vi skal også gi barna positiv merksemd på deira eigenskapar og når dei er motlause skal vi fortelje og vise dei at vi har trua på dei. Når barna er trygge og har tillit til oss vaksne, kan vi utfordre dei til å prøve meir sjølv utifrå deira føresetnader. Når barna får prøve sjølv, får dei etter kvart kjenne på meistringskjensla og oppleve at dei er kompetente barn.

I løpet av året har vi fokus på ulike bibelforteljingar der det blir formidla at dei er skapt i guds bilde, er unike og elska. Gjennom arbeidet med årsplanen, månadsplanar og i samarbeidet med foreldra ynskjer vi at dei kristne verdiane skal vere synlege. Vi skal likevel respektere andre livssyn og verdier.

Vi vil barnet sitt beste i alt vi gjer. I våre daglege rutinar høyrer barna dei same songane og forteljingane, og tek slik del i felles erfaringar og opplevingar. På den måten får barna erfare verdien av å vere ein del av eit fellesskap. Desse felles erfaringane kan vi sjå igjen i leiken og i samtalar i løpet av dagen.

VAKSENROLLEN

Vi skal vere vaksne som byggjer ein positiv relasjon til barna og meistrar balansen mellom å vere varm og tydeleg. Vi skal sjå barnet sitt perspektiv og ha medverknad i fokus. Den vaksne utøver positiv grensesetting ut ifrå barnet sine føresetnader. Dette skal vere prega av varme og respekt for barnet. Det er den vaksne som har ansvaret for relasjonen med barnet, og som alltid skal vere medviten dei verdifulle spora han set.

I VÅR BARNEHAGE BETYR DET:

- Vi vil bygge varierte vennskap/relasjonar, og legge til rette for at barna får utfolde seg i grupper som er ulike med tanke på både storleik og samansetjing. Relasjonsbygging er dei vaksne sitt ansvar, og det skal vere uavhengig av tidlegare relasjonar.
- Vi vil formidle likeverd.
- Dei vaksne skal vere gode og trygge, dei skal sette tydelege og kjærlege grenser for barna (vere tydeleg på kva som er tillatt/ikkje tillatt)
- Vi vil hjelpe barna å setje egne grenser f.eks. ved å lære seg å seie "stopp," og betydninga av det.
- Vi vil lære barna å setje ord på kjensler.
- Dei vaksne skal vere tilgjengelege for barna, og tilstades i leiken. Nære nok til å gripe inn og støtte, men nok avstand til at barna får rom til å utvikle seg.
- Vi er opptatt av at dei vaksne skal jobbe samstemt på «Preg-måten» og evaluerer innhaldet i barnehagekvardagen jamnleg.
- Dei vaksne snakkar positivt om andre og viser samsvar mellom liv og lære. Dei er villig til å tilgi og starte på nytt.
- Dei vaksne skal vere gode rollemodellar—ikkje berre med det dei seier, men også med det dei gjer.

Korleis arbeide med omsorg, leik, danning og læring?

Barn skal trivast og ha det godt i barnehagen. I Preg barnehager sørgjer vi for at alle barn blir sett og inkludert slik at dei lærer og utvikler seg ut frå egne føresetnader.

Innhaldet i barnehagen skal vere allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa. I barnehagen skal barna få leike og utfalde skaparglede, undring og utforskartrong. Ein skal sjå arbeidet med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk i samanheng og samla bidra til den allsidige utviklinga til barna. (Rammeplanen)

OMSORG

Tryggleik er utgangspunktet for barna sin trivsel og læring. Derfor kjem omsorg alltid i første rekkje. For å få trygge barn, er vi avhengig av at kompetente og sensitive vaksne gir barna den omsorga dei har behov for.

Personalet i barnehagane våre skal ha fokus på korleis det einiskilde barnet har det og leggje til rette for aktivitetar som inkluderer alle barn, der alle barn blir sett og høyrte. På en slik måte set vi verdifulle spor.

LEIK

Leik er den viktigaste aktiviteten for barna si utvikling og læring, samtidig som den er eit mål i seg sjølv. Gjennom leiken utviklar og vidareutviklar barn sosiale, språklege og kroppslege ferdigheiter. Når barna inngår i eit leikefelleskap, drar dei nytte av kvarandre sine styrkar og kunnskapar. I samspill med kvarandre og med dei vaksne blir eit godt miljø for glede, læring og utvikling skapt.

Leikemiljøa i barnehagane våre skal vere inkluderande, allsidige og stimulerande. Dei vaksne skal vere deltakande og støttande i barna sin leik.

I VÅR BARNEHAGE BETYR DET:

Barna skal møtast på ein open, varm og anerkjennande måte. Personalet skal tilrettelegge for gode og omsorgsfulle voksen - barn relasjonar gjennom å vere lydhøre og sensitive for barna sine behov gjennom heile barnehagedagen. På denne måten skal personalet sørge for at alle barn opplever tryggleik, trivsel og mestring.

I VÅR BARNEHAGE BETYR DET:

Leiken har ein sentral plass. Den skal vere på barna sine premisser og eigenverdien til leiken skal anerkjennast. Personalet skal organisere tid og leikemateriale for å inspirere til ulike typar leik både inne og ute. Personalet skal støtte opp om barna sin leik og skape gode barn-/vaksenrelasjonar.

Leiken skaper ei kjensle av å høyre til, i tillegg til å bli sett og akseptert som den dei er. Personalet skal tilrettelegge for eit innbydande og levande leikemiljø som kan variere ut ifrå temaer ein jobbar med og/eller som tek utgangspunkt i noko barna er opptekne av. Dei vaksne skal vere deltakande og støttande i barna sin leik.

DANNING

I fellesskap med andre utviklar barnet identitet og sjølvstende. Barn samlar erfaringar gjennom kva dei gjer, kva for tilbakemeldingar dei får av andre og kva dei opplever. Dei tilsette skal anerkjenne barna som individ med tankar, følelsar og intensjonar, og støtte barna sine forsøk på å skape mening i den verda dei er ein del av.

I barnehagane våre skal barna få kunnskap som er med på å utruste dei til å ta gode val i livet. Dette er en del av ei livslang læring og ein prosess som handlar om kven ein er og korleis ein er i møte med andre menneske. Vi ønskjer å sette verdifulle spor i barna på en slik måte, at dei sjølv føler seg verdifulle og at dei er gode nok som dei er. På den måten kan dei ta med seg sine erfaringar som eit grunnlag å byggje vidare på i livet.

LÆRING

Barnehagen skal gi barn grunnleggjande kunnskap på sentrale og aktuelle område. Personalet skal støtte barns sin nysgjerrigheit, kreativitet og lysten å veta noe nytt, og gi utfordringar med utgangspunkt i barnet sine interesser, kunnskapar og ferdigheiter. (Barnehageloven § 2)

Kvardagen i barnehagane våre skal vere prega av utforskning og leik, der barna tileignar seg ny kunnskap og nye ferdigheiter. Barnehagen skal leggje til rette slik at barna får gode mestringsopplevingar innanfor trygge rammer. Vi ønskjer å sette verdifulle spor med tilsette som har god relasjonskompetanse og tid for læring.

I VÅR BARNEHAGE BETYR DET:

Vaksne skal undre seg i lag med barna. Dei skal ha tid og ro til samtale og dialog (stille opne spørsmål) i leiken og i kvardagsaktivitetar. Barns medverknad er viktig med tanke på danning. Dei vaksne skal nytte refleksjon i arbeidet sitt med barna.

Danning med tanke på dei minste barna:
Her er det viktig å være nær (på golvet), lese kroppsspråk/mimikk, lytte og å stille spørsmål.



I VÅR BARNEHAGE BETYR DET:

Barna skal få oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om lysta til å lære. Barna skal få ta i bruk heile kroppen og alle sansane i læringssituasjonane. Personalet skal vere merksame på interessene og engasjementet til barna og leggje til rette for læring i ulike situasjonar.



Barns medverknad

I Preg barnehager skal barna få mogelegheit til aktiv deltaking i planlegging og vurdering. Barn skal få tid og rom til innspel som bidrar til at dei opplever å påverke sin eigen kvardag. I barnehagane våre skal barna kjenne at dei har ei verdifull og viktig stemme inn i eit fellesskap som er trygt og inkluderande for alle. Personalet sitt syn på barnet og sin eigen rolle som vaksen vil ha verknad for korleis barn opplever medverknad i kvardagen.

Barnehagen skal vise korleis alle kan lære av kvarandre og fremje barna sin nysgjerrigheit og undring over likskapar og forskjellar. Barnehagen skal bidra til at alle barn føler seg sett og anerkjent for den dei er, og synleggjere den einskilde sin plass og verdi i fellesskapet. (Rammeplanen)

I VÅR BARNEHAGE BETYR DET:

Dei vaksne er anerkjennande og gir barna rom for innleving, lytting, refleksjon, undring, spørring og bekrefting. Vi legg stor vekt på å skape og utvikle gode relasjonar mellom barn og vaksne, slik at barna vil føle tryggleik og får eit godt læringsmiljø. Barna skal også bli involvert i det som skjer i barnehagen. Barna skal kjenne at barnehagen er til for dei, og erfare at dei påverkar og medverkar i eigen kvardag. Vaksne skal ta barn sine opplevingar på alvor, anerkjenne og snakke med dei.

Vi byggjer vidare på det vi observerer i barna sin leik, og på den måten får barna medverke i barnehagekvardagen sin. Det er viktig å presisere at medverknad ikkje er det same som å få bestemme fullt og heilt, men å få være med å påverke og innverke på ulike områder i ein barnehagekvardag der det er mogeleg og forsvarleg. Barna skal ikkje få meir ansvar enn det dei er rusta til å ta, og vi skal difor vektlegge barna sine synspunkt i samsvar med erfaringar, individuelle forutsetningar, behov, alder og modning.

MÅL: Vi vil at barna i Preg barnehager Godøy skal få vere med å prege eigen kvardag.

LESTEN / STORHORNET (0-3 ÅRS AVDELING):

- Velge kva pålegg dei skal ha på skiva når det er brødmåltid.
- Velge klistermerke til bursdagskrona.
- Leik. Påvirke tema/aktivitetar. Utforming av leikemiljø

SANDVIKA (4-6 års avdeling):

- Ordenshjelp, velge bordvers m.m.
- Velge kva pålegg dei skal ha på skiva når det er brødmåltid.
- Velge klistermerke til bursdagskrona.
- Leik med tilgang på ulike leikemateriale. Vere med å påvirke tema/aktivitetar.
- Formingsaktivitetar med fri fantasi – utvikle kreativiteten. Gi barna kjennskap til kva dei kan velje i.

Plan for det kristne innhaldet

Preg barnehager har eit kristent livssynsgrunnlag. Det betyr at barna i barnehagane våre får ein barnehagekvardag basert på kristne og humanistiske verdier. Formål vårt, visjonen vår og verdiane våre er felles for alle barnehagane våre. Dette skal vere grunnlaget for dei val vi gjer, både i kvardagsaktivitetar og i andre planlagde aktivitetar.

I VÅR BARNEHAGE BETYR DET:

Vi brukar eit opplegg som heiter Solkollen Super. Dette er pedagogiske idéhefter med idéar til aktivitetar og levandegjering av bibelske tema gjennom året. Aktivitetar, bibelsamlingar og hjertevennsamlingar skaper ein raud tråd gjennom veka der vi jobbar med repetisjon på tvers av fagområder ved bruk av alle sansar.

I tillegg til dette har vi tema om misjon. Då samlar vi inn pengar til eit av UngGlobal sine prosjekt. Barna får eit lite innblikk i humanitært hjelpearbeid og misjon.

Tilknytning og relasjonsbygging

Plan for oppstart i barnehagen

I BARNEHAGEN VÅR:

Sjå velkomsthefte som blir delt ut til foreldre som har barn som skal starte i barnehagen for første gong, eller har barn som skal over på ny avdeling.


Planar for overgangar i barnehagen

I BARNEHAGEN VÅR:

Personalet er ansvarleg for at alle barna får tilpassa opplegg etter alder og modningsnivå, same kva avdeling barnet går på. Før avslutning av eit barnehageår skal personalet sørge for at barna får bli kjent med den nye avdelinga.

Eit trygt og godt psykososial barnehagemiljø

Eit godt psykososialt miljø i barnehagen er viktig i det helsefremjande og førebyggjande arbeidet for barn. Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og bidra til trivsel og glede i leik og læring. Den skal vera ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremja demokrati og likestilling, og motarbeida alle former for diskriminering. Personalet skal vera merksame på eigne haldningar og åtferd, både i forhold til åtferd som kan verka krenkjande og ved bruk av makt og tvang. Personalet skal handtera og følgja opp uønskte situasjonar, *jfr Barnehagelova kap. 8, § 42. Det skal utarbeidast ein skriftleg plan i samsvar med aktivitetsplikta. Preg barnehager har utarbeida ein eigen handlingsplan for trygt og godt barnehagemiljø.



Inkludering

I Preg barnehager skal alle barn kjenna seg elska og verdsett som viktige deltakarar i fellesskapet. Vi arbeider med mangfald og inkludering som ein heilskapleg del av kvardagen, og målet vårt er at alle barn skal oppleva tryggleik og varetaking. Vi arbeider dagleg for å gi opplevingar som set verdifulle spor.

Barnehagen skal fremja likeverd og likestilling uavhengig av kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, etnisitet, kultur, sosial status, språk, religion og livssyn. Barnehagen skal motverka alle former for diskriminering og framme nestekjærleik. (Rammeplan)

Barnehagen skal vera ein inkluderande arena der barn kan knyta vennskap, trivst, utvikla seg og læra. Alle barn skal få delta ut frå føresetnadene sine. Vi skal bidra til å styrkja barns identitet, og skapa fellesskap der det er rom for alle.

I VÅR BARNEHAGE:

Fokusområde for alle barnehagane i Giske kommune er inkludering, med visjonen «DET VAR BRA EG KOM!». Målet er at alle barn skal få erfare dette, og kjenne at ein høyrer til i barnehagen. Det skal vere eit heilskapleg tilbod til barna der laget rundt barnet arbeider saman om tidleg innsats og god førebygging.

Definisjon på inkludering og ei inkluderande haldning:

«Inkludering handler om å tilpasse læringsmiljøet til mangfoldet blant barn og elever, og gi alle reell mulighet til å delta i det faglige og sosiale fellesskapet. Et inkluderende læringsmiljø verdsetter mangfold, noe som ifølge forskning er en helt nødvendig forutsetning for å skape et inkluderende læringsmiljø. I et inkluderende læringsmiljø har alle sin naturlige tilhørighet, og ingen betegnes som inkluderte» (Statped).

I samband med dette fokusområdet oppfordrar kommunen oss til å bruke BU-modellen (begrepsundervisningsmodellen). Dette for at barna skal utvikle ein god grunnmur å byggje vidare lærdom på. Barnehagen har òg oppretta eit inkluderingsteam, der dagleg leiar, ein pedagog frå kvar avdeling, spesialpedagog, representant frå PPT og helsesjukepleiar utgjer teamet.

Inkluderingsteamet har hovudfokus på pedagogiske problemstillingar, der tidleg innsats og førebyggjande arbeid er sentralt. Inkluderande haldning er utgangspunktet for refleksjon og rettleiing. Dette styrkar den pedagogiske kompetansen i barnehagen, og blir viktig for eit godt allmennpedagogisk tilbod. Barnehagedagen skal vere eit godt fellesskap der barnet si «stemme» blir høyrd, og kvar einskild får kjenne seg verdsett og deltakande.

Inkluderingsteam kan invitere inn andre samhandlingspartnarar for eit tverrfagleg samarbeid, i saker på system-/eller individnivå. Når teamet får inn systemorientert case, handlar det om generelle utfordringar i barnehagen. Omhandlar case enkeltindivid, vil samtykke frå føresette bli innhenta. Dette er eit lågterskel tilbod, som hjelper barnehagen å legge til rette for gode tiltak på eit tidleg tidspunkt.

Progresjon

Progresjon er ein prosess som ifølgje rammeplanen skal rette seg mot barna sine opplevingar, leik og læring. Det er derfor dei tilsette sin rolle å finne barnet sitt utgangspunkt, og byggje vidare på dette slik at kvart barn får akkurat passe utfordringar, og ein god progresjon. De vaksne i barnehagane våre skal sikre progresjon ved å vere til stades og sjå barna i meistringsaugneblink, dokumentere og hjelpe dei til vidare utvikling.

Tilrettelegging i planleggingsfasen er viktig med tanke på gruppeinndeling etter interesse, kunnskapar, ferdigheiter og sjølvstøtt barnet sine egne ønskjer. Barna i barnehagane våre må få ulike utfordringar og dei skal oppleve at dei stadig lærer meir. Vi må finne ein balanse mellom det å oppleve meistring og å kunne strekkje seg etter nye mål. Progresjon skal følgje barnet si utvikling og ikkje ei bestemt aldersgruppe.

Progresjonsplanen ligg på barnehagen si heimeside, under "Om oss".

Planlegging, dokumentasjon og vurdering

FELLES OVERORDNA GRUNNLAG

Årsplanen skal gi informasjon om korleis barnehagelovens føresegner om innhald skal følgjast opp, dokumenterast og vurderast. Det skal bli lagt til rette for at barn, foreldre, barnehagen sitt personale og eigarar kan delta i planlegging, dokumentasjon og i vurdering av barnehagen si pedagogiske verksemd. Behova til barnegruppa og einskildbarnet skal observerast og vurderast fortløpande.

Planlegging

Vi følgjer rammeplanen, og har utarbeida årsplan utifrå den.

Opplegg vi bruker:

- Hjerteprogrammet (sosial kompetanse)
- Solkollen Super (det kristne innhaldet og sosial kompetanse)
- Kort og godt/smått og godt (idéar til bibelsamlingar)
- BU-modellen (Begreps-undervisningsmodellen)
- Aktivitetsglede (sanse- og motorisk trening)

Dokumentasjon

Årsplanen, månadsbrev og andre informasjonsskriv, er døme på dokumentasjon i barnehagen. Ved ulike tilstellingar, opptre barnehagekoret med songane vi har øvd på. Vi skriv dagsrapport og legg ut bilete i Kidplan. Det kan òg verte hengt opp bilete frå aktivitetar barna har vore med på. Det barna lagar i løpet av barnehagedagen, er også ein form for dokumentasjon. Gjennom dette synleggjer vi korleis barnehagen jobbar med dei ulike fagområda og fokusområda.

Vurdering og pedagogisk dokumentasjon

Vi nyttar observasjonar, praksisforteljingar og brukar LP-metoden som grunnlag for refleksjon i personalgruppa. Dette gjer vi for å sikre at personalet skal vere «Sammen om å sette verdifulle spor». Pedagogane har ansvar for at metodane vert middel for kritisk og reflekterande praksis på avdelingsmøta, og at bruken vert evaluert kvart år.

Samarbeid

EIGAR PREG BARNEHAGER

Barnehageeigar har det overordna ansvaret for at barnehagen blir driven i samsvar med gjeldande lover og regelverk, jf. barnehageloven § 7 første ledd.

Preg barnehager og den einskilde barnehage samarbeider systematisk om å gi barna eit barnehagetilbod av god kvalitet. Dette er nedfelt i Preg barnehager sine Fokusområde.

FORELDRESAMARBEID

Personalet i barnehagen har ansvar for å vere opne, og skape tillit og tryggleik i høve til foreldra. Foreldra i barnehagane våre skal oppleve at dei blir sett og at dei blir tatt på alvor. Gode relasjonar til foreldra, med kommunikasjon som er prega av respekt og varme, er av avgjerande for eit godt foreldresamarbeid.

Både foreldra og personalet må forhalde seg til at barnehagen har eit samfunnsmandat og verdigrunnlag som det er barnehagen sitt ansvar å forvalte. (Rammeplanen)

I VÅR BARNEHAGE BETYR DET:

Det er dagleg kontakt mellom foreldre og personalet v/bringing og henting. Vi nyttar Kidplan som kommunikasjonsplattform mellom barnehage-heim. Vi har foreldremøte, og møte i samarbeidsutvalet (SU). Representantar til SU blir vald på foreldrerådsmøtet som er i samband med foreldremøtet i slutten av august. 1-2 gongar i året er det foreldresamtale. Målet for foreldresamtale er å styrke samarbeidet heim-barnehage, for å skape meir samanheng for barnet.

For barnet sitt beste er det viktig at foreldra informerer barnehagen ved krise/endring i nær familie: Død, samlivsbrot, sjukdom osv.

FORELDRA I PREG BARNEHAGER GODØY KAN MEDVERKE SLIK:

- Bruke forslagskassa som heng i hovedinngangen
- Møte opp på foreldresamtale
- Får kome med innspel til årsplanen
- Svare på brukarundersøkjinga som vi har kvart år
- Bruke foreldrerepresentantane/kome med forslag på saker som skal takast opp i SU

FORELDRESAMTALE

Hausten:

Oppstartssamtale for nye barn.

Innkalling til foreldresamtale (ikkje foreldra til førskulebarna. Dei får innkalling til våren). I vårt daglege arbeidet med barnet er det viktig for oss å vite korleis kvardagen er heime, og korleis barnet trivast i barnehagen. Difor ynskjer vi at foreldra får ordet først, for å fortelje korleis barnet har det heime, og korleis dei opplever at barnet har det i barnehagen. Foreldra til førskulebarna må sjølv melde interesse for samtale innan ein bestemt frist.

Våren:

Førskuleforeldre får innkalling til samtale, dei andre foreldra må melde interesse for samtale innan ein bestemt frist. På samtalen med førskuleforeldra, blir hovedtemaet: Overgang barnehage/skule.

Samarbeid


KOMMUNEN

- Alle barnehagane er med på samordna opptak av barn.
- Ein gong i månaden: Styrarmøte for styrarane i alle barnehagane
- Felles styrar-/ skuleleiarmøte
- PPT/LOGOPED
Barn med spesielle behov, generelle saker der vi treng råd og vegleiing
- HELSESTASJONEN
Barnehagane i kommunen og helsestasjonen har utarbeida samarbeidsprosedyre.
- BARNEVERNET
Det er laga til ein samarbeidsavtale mellom foreldra/barnehagane i kommunen og barneverntenesta.
- FYSIOTERAPEUT

ANDRE SAMARBEIDSPARTNARAR

- GODØY SKULE
- EIGAR
 - Ein gong i året: Kurs for heile personalgruppa i lag med dei andre
 - Preg barnehagane i Møre og Romsdal
 - Styrarkurs/samlingar for styrarane i alle Preg barnehagane.
 - Nokon som jobbar i UngGlobal har samlingsstund i barnehagen tre-fire gongar i året
 - Barnehaageleirdag for førskulebarna om våren

Årsplanen er godkjent i SU 19.06.25





Sammen om å sette verdifulle spor